

Høyringsnotat

Nr.

Vår ref: 14/2588

Dato 27.05.2014

Innhald

1.	Samandrag.....	3
2.	Bakgrunn.....	4
2.1	Innleiing	4
2.2	Høyringsframlegg i 2012	5
3.	Lova i dag	5
3.1	Historikk	5
3.2	Formålet med lova	5
3.3	Bruksnamn og gardsnamn.....	6
3.4	Etternamn og gardsnamn.....	6
3.5	Praktisering av lova.....	7
3.6	Namelovgjeving internasjonalt	8
3.6.1	Dei sameinte nasjonane (SN)	8
3.6.2	Stadnamnforvaltning i dei nordiske landa.....	8
3.7	UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv.....	10
4.	Framlegg til lovending	10
4.1	Bakgrunn for framlegget.....	10
5.	Formål og verkeområde	11
5.1	Gjeldande rett	11
5.2	Departementet si vurdering	12
5.3	Endringsframlegg i § 1	13
6.	Definisjonar	14
6.1	Gjeldande rett	14

6.2	Departementet si vurdering	14
6.3	Endringsframlegg i § 2	16
7.	Namnevern	16
7.1	Gjeldande rett	16
7.2	Departementet si vurdering	18
7.3	Endringsframlegg i § 3	19
8.	Reglar om skrivemåten	20
8.1	Gjeldande rett	20
8.2	Departementet si vurdering	20
8.3	Endringframlegg i § 4	21
9.	Vedtak etter stadnamnlova	21
9.1	Gjeldande rett	21
9.2	Departementet si vurdering	21
9.3	Endringframlegg i § 5	22
10.	Nærmare om saksbehandlinga	22
10.1	Gjeldande rett	22
10.2	Departementet si vurdering	22
10.3	Endringsframlegg i § 6	23
11.	Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn	24
11.1	Gjeldande rett	24
11.2	Departementet si vurdering	24
11.3	Endringsframlegg i stadnamnlova § 8	27
12.	Klagerett	28
12.1	Gjeldande rett	28
12.2	Departementet si vurdering	29
12.3	Endringsframlegg i stadnamnlova § 10	29
13.	Økonomiske og administrative konsekvensar	30
14.	Utkast til endra lov om stadnamn	32
15.	Gjeldande lov om stadnamn	36

1. SAMANDRAG

I dette høyringsnotatet kjem Kulturdepartementet med framlegg til endringar i lov om stadnamn. Framlegga til lovendring fylgjer opp Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomitéen om eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommessen (H). Endringsframlegga er så omfattande at det er aktuelt å føreslå ny lov.

Stadnamn er immaterielle (ikkje-handfaste) kulturminne som gjev opplysningar om naturtilhøve, kulturhistorie, liv og virke. Vi kan ikkje ta på eller sjå på dei, slik vi kan med materielle kulturminne. Derfor er det ikkje oppe i dagen kva som er verneverdig med dei. Det er *meningsinnhaldet* i stadnamna som er bindeleddet mellom fortid og notid, og som gjer denne delen av kulturarven tilgjengeleg for oss. Formålet med stadnamnlova er å gje stadnamn vern. Verkemiddelet er å fastsetje ein skrivemåte som ikkje i utgangspunktet forvanskar eller tilslører meningsinnhaldet. Derfor er denne delen av den språklege kulturarven underlagd offisiell normering med utgangspunkt i språkvitskapleg og namnefagleg kompetanse. Normeringa skal ta mange språklege omsyn og har også viktige praktiske sider, fordi dette er namn som skal brukast av det offentlege på t.d. kart og skilt.

Lov om stadnamn er ei lov som regulerer både *vårt og mitt*. Lova skal ta omsyn både til samfunnsinteresser og særinteresser, samtidig med at ein del av språkhistoria og språkvariasjonen vår blir forvalta.

I dag kan ikkje skrivemåten av namn på eit gardsbruk avgjerast av grunneigaren sjølv – viss namnet språkleg og geografisk er identisk med eit gammalt gardsnamn. Det er viktig å merke seg at stadnamnlova skil skarpt mellom bruksnamn og gardsnamn. Eit så skarpt skilje finst ikkje i daglegtalen. At eit ord betyr noko i daglegtalen og noko anna i juridisk språkbruk, er heilt vanleg, men kompliserer formidlinga av lova. Ein viktig regel til no har vore at eit bruksnamn som er identisk med namnet til garden bruket ligg under, skal skrivast som gardsnamnet det er utleidd av. Desse bruksnamna har altså det same vernet som gardsnamna. Målet med framlegget til lovrevisjon er å oppheve denne regelen og å overføre det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn frå Statens kartverk til eigaren eller festaren.

Hovudframlegga til lovendring:

- Definisjonar, struktur og språk er gjort enklare og meir forståeleg.
- Namn på gardsbruk eller eigedom under eit gardsnummer skal få den skrivemåten grunneigaren eller festaren ynskjer, så lenge han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk. Det skal ikkje stillast strenge krav til dokumentasjon.

- Skrivemåten av namnet som grunneigaren eller festaren ynskjer, skal kunne vedtakast utan lokal høyring.
- Grunneigaren eller festaren skal straks få tilsendt språkfagleg tilråding, slik at han får direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden, og som kan styrkje eller endre oppfatninga hans.

Konsekvensane av framlegget til lovendring er at bruksnamna blir ein del av råderetten til kvar enkelt eigar eller festar. Dei vil dermed ha svakare vern enn gamle gardsnamn, sjølv om namna er samanfallande geografisk og språkleg. Namn på eigedom eller gardsbruk under eit gardsnummer kan etter framlegget ha ein skrivemåte som strir mot offisielt tilrådd skrivemåte, dersom eigaren eller festaren ynskjer det.

Framlegget til lovendring styrkjer kontrollen som eigar eller festar har over bruksnamna. Samtidig er formålet med lovendringa å tydeleggjere språkleg og juridisk

- 1) kva kulturminneverdien i stadnamn er, og
- 2) kva namn som framleis skal fylgje offisiell rettskriving, t.d. gardsnamn og namn i andre sekundære funksjonar enn bruksnamna (t.d. namn på vegar og barnehagar).

2. BAKGRUNN

2.1 Innleiing

13. januar 2009 behandla Stortinget Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomiteen om eit representantframlegg frå stortingsrepresentantane Øyvind Halleraker (H) og Olemic Thommessen (H). Dei ynskte ei endring i stadnamnlova som sikrar grunneigaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte av namnet på eigedomen sin. Slik avgjerdsrett er ynskt fordi det vil vere i tråd med eigedomsrett og slektskjensle.

I innstillinga frå familie- og kulturkomiteén heitte det:

” (...) det bør utredes å endre loven slik at kravet om at navnene skal følge gjeldende rettskrivingsprinsipper ikke skal gjelde selve gårds-/bruksnavnet, og at kravet om ensartet skrivemåte i ulike funksjoner oppheves. Komiteen mener at grunneieres synspunkt i saken bør tillegges særskilt vekt.”

Til no har hovudregelen i lova vore at gardsnamn og bruksnamn skal ha same skrivemåte. Dette har samband med at lovformålet er å ta vare på stadnamn som kulturminne og gje dei ein skrivemåte som er praktisk og tenleg, og som medverkar til aktiv bruk av namna. Eit vedtak om skrivemåte av gardsnamnet gjev føringar for skrivemåten av namnet på eit fråskilt bruk, t.d. dersom namnet på bruket, *Mo*, fell saman med det gamle gardsnamnet, *Mo*. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av gamle gardsnamn og bruksnamna avleidde frå desse, men skal etter gjeldande rett leggje særskild vekt på synspunktet til eigaren. Eigaren eller festaren av eit bruk har til

no berre hatt råderetten over dei bruksnamna som ikkje er identiske med eller avleidde frå eit nedervd stadnamn.

2.2 Høyringsframlegg i 2012

16. april 2012 blei eit høyringsnotat om framlegg til endringar i lov om stadnamn 18. mai 1990 nr. 11 (stadnamnlova) sendt på høyring.

Det kom inn 76 høyringssvar. 10 av desse kom frå departementa og 9 frå andre statsorgan (Statens kartverk, Språkrådet, Riksarkivaren, Norsk lokalhistorisk institutt og ulike universitet). Det kom også svar frå 13 kommunar, medan resten av svara, 44 i talet, kom frå mange lokale mållag og historielag, privatpersonar og frå organisasjonar som Riksmålsforbundet og Bokmålsforbundet.

Dei fleste av høyringsinstansane ville ha lova som ho er, og gjekk imot endringsframlegget. Nokre få meinte at framlegget ikkje var i tråd med vedtaket i Stortinget, medan 23 av innsendarane stort sett ikkje hadde merknader til framlegget.

Dåverande regjering gjekk ikkje vidare med framlegget. Departementet fremjar no eit nytt høyringsnotat med framlegg til lovendringar. Årsaka er ikkje berre oppdraget frå Stortinget, men òg eit behov for ein grundigare gjennomgang av lova. Både innspela frå høyringa i 2012 og erfaringar frå praktisering av lova tilseier endringar i fleire føresegner i lova.

3. LOVA I DAG

3.1 Historikk

På 1900-talet blei det utferda kongelege resolusjonar om korleis bruksnamna skulle skrivast. I 1961 blei det avsagt ein høgsterettsdom¹ der staten ved Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Finansdepartementet blei fråkjend retten til, i offisielle publikasjonar, å bruke dei namneformene som kom inn i den reviderte matrikkelen i 1880-åra. Med heimel i skylddelingslova skulle staten berre sjå til at skrivemåten var i tråd med gjeldande rettskrivingsreglar. Dommen, som blei avsagd under dissens, avdekte eit uklart rettsgrunnlag, som gjorde det usikkert kva staten kunne bestemme, og på den andre sida kor omfattande råderett grunneigaren hadde over bruksnamnet. Etter dommen blei det sett i gang ein prosess som enda med at lov om stadnamn blei vedteken 18. mai 1990. Bruksnamna var emne i "Innstilling om språksaken" ("Vogt-komitéen") i 1964 og seinare i ein NOU om stadnamn i 1983.

3.2 Formålet med lova

Formålet med stadnamnlova går fram av lova § 1 og er å "ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna". I kommentarane til paragrafen står det at det er sjølve

¹ Høyesterett – Rt-1961-146

stadnamnet som har verdi som kulturminne. Det avgjerande for kulturminneverdien er ikkje ein spesiell skrivemåte eller at denne byggjer på ein bestemt uttale av namnet. Det er det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved namna som har krav på rettsleg vern. Stadnamna er ein del av vår felles kulturarv. Dei gjev opplysningar om terreng, ferdselsårer, dyreliv, plantevekst, militære varslingsystem, kyrkjeleg styring, folkelege gjeremål, ordbruk, språkutvikling, arbeid, tenkjemåte og levevis. Namngjevingssprosessen er i utgangspunktet ein munnleg tradert sjanger, og opphavspersonen til namnet er ukjend.

Vernetiltaket i lova er å formidle namna i ei rettskriving som sikrar at gamle stadnamn blir vidareførte med utgangspunkt i nedervd lokal uttale og med ein skrivemåte som er praktisk for kartprodusent, brukarar og tenesteutøvarar, og som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet i namnet. Den nærare reguleringa av skrivemåten fylgjer av forskrift om skrivemåten av stadnamn 1. juni 2007, gjeven med heimel i stadnamnlova § 13.

3.3 Bruksnamn og gardsnamn

I Nynorskordboka, som er ei allmennordbok, er *gard* definert som ein "eigedom, bustad med hus og dyrkingsjord". I stadnamnlova og innanfor namnefaget har *gard* og dermed *gardsnamn* ei anna tyding. Gardsnamn er i § 2 bokstav b) definert som "namn på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til". Altså er gardsnamnet ofte namn på noko som gjennom tida har utvikla seg til ei lita grend, og som seinare kan ha gjeve namnet til ein heil kommune eller ein bydel. *Bruksnamn* betyr etter § 2 bokstav c) "namnet på ein eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eitt gardsnummer". I området som gardsnamnet dekkjer, er det ofte ikkje berre éin grunneigar, men mange. Namnet på dei lågaste bruksnummera er ofte identisk med gardsnamnet, men då gjerne med eit presiserande tillegg som "nordre", "søre", "nedre", "store" og liknande.

Busetjingshistorisk har gardsnamna ein annan status enn bruksnamna. Dei kan vere så gamle som 2000 år – og er eit utgangspunkt for anna namnelaging på staden, t.d. ved at naturlokalitetar, bygdelag, skular, kyrkjer, bruer og vegar får namn etter garden. Ikkje sjeldan er gardsnamnet opphavleg namn på ein annan lokalitet, t.d. namn på ein naturlokalitet. Som naturnamn er *Mo* (av norrønt *mór* 'mo, tørr sandslette') eit svært vanleg namn på ein naturlokalitet. I dei fleste høva er då gardsnamnet *Mo* ei sekundær namnedanning.

3.4 Etternamn og gardsnamn

På bygdene var det heilt fram til slutten av 1800-talet uvanleg med faste etternamn. Derimot brukte ein tilnamn, helst i form av eit patronym (-sen-namn). Også gardsnamn kunne bli brukte som tilnamn, men dersom ein flytta frå ein gard til ein annan, blei som regel det gamle gardsnamnet bytt ut med namnet på den nye buplassen. Dette blei dermed det nye tilnamnet. Då lov om personnavn blei vedteken i 1923, blei det påbode med faste etternamn. Mange tok gardsnamn som etternamn. Tal tyder på at om lag 70

pst. av nordmenn i dag har etternamn av gardsnamn². Dette er truleg unikt i Europa og heng saman med busetjingsstrukturen vår. Samanhengen mellom gardsnamn og etternamn er slik at etternamnsfunksjonen er nyare og ofte har ein forvanska skrivemåte som t.d. *Moe, Myhr, Dahl* og *Woie*, medan gardsnamnet er det opphavlege namnet, som finst i nedervd lokal uttale som *Mo, Myr, Dal* og *Våge*, og har eit meningsinnhald som skal formidlast med offisiell rettskriving.

Stadnamn og etternamn tilhøyrrer to åtskilde lovgjevingssområde, og stadnamnlova regulerer såleis ikkje val av etternamn, heller ikkje bruken eller skrivemåten av det. Det vil ho heller ikkje gjera etter dei framlegga til endringar som blir lagde fram i dette notatet. Vi ser likevel at ein del bruksnamn, som konsekvens av framlegg til lovendring, vil bli skrivne som det private etternamnet til grunneigaren, sjølv om dette strir mot offisiell rettskriving av stadnamn.

3.5 Praktisering av lova

I perioden 1992–2008 gjorde Kartverket ca. 96 000 vedtak som galdt skrivemåten av stadnamn. Ca. 12 000 av vedtaka galdt gardsnamn og bruksnamn, og 500 av vedtaka om skrivemåten av bruksnamn blei påklaga. Grunneigaren stod formelt som klagar i ca. 300 av sakene³. Tal frå Klagenemnda for stadnamnsaker viser at klagaren fekk medhald i ca. 20 pst. av desse sakene. I 5 pst. av sakene fekk klagaren delvis medhald. I resten av sakene blei vedtaket til Kartverket stadfesta av Klagenemnda for stadnamnsaker. Slik departementet vurderer desse tala, ser det ut til at det store fleirtalet av vedtakssakene etter stadnamnlova ikkje skapar konflikt. Men av konfliktsakene utgjer bruksnamnsakene godt over halvparten.

Fleirtalet av vedtaka i Kartverket som går vidare til avgjerd i Klagenemnda, endar med stadfesting av Kartverket sitt vedtak. Dette tyder på at Kartverket har ei gjennomgåande god forståing av regelverket og intensjonen i lova. At éi av fem saker blir omgjorde, viser likevel at det er eit rom for skjønn ved tolking av lova. Det er til dels motstridande prinsipp som skal balanserast mot kvarandre: Korleis den lokale uttalen er, skal balanserast mot kva som er gjeldande rettskriving, og kva som er etymologien til namnet. Alt dette igjen skal balanserast mot det som er godt innarbeidde skriftformer, tidlegare normeringspraksis og kva ynske om skrivemåte grunneigaren har.

² Veka, Olav 2001. *Norsk etternamnleksikon: Norske slektsnamn – utbreiing, tyding og opphav*

³ Nordland, Ingvil 2009. *Normering av stedsnavn i skjæringspunktet mellom vedtaksorgan og grunneier: en analyse med bakgrunn i klagenemndas behandling av saker fra Midt-Norge i perioden 1992–2008*. Masteroppgave i nordisk, særlig norsk språkvitenskap, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, UiO

Etter 2008 har Kartverket gjort ca. 6 200 vedtak. Ca. 500 av disse gjeld gards- og bruksnamn. Det er ikkje råd å få gode og representative tal på vedtak og behandling av klagesaker etter 2008 (tidspunkt for representantframlegget om endring av stadnamnlova). Grunnen til dette er at mange saker har blitt lagde til sides i påvente av lovendringa. Dette har skjedd berre i dei tilfella der grunneigaren sjølv har ynskt det. Kartverket og stadnamntenesta har ikkje reist så mange namnesaker om gardsnamn og bruksnamn som dei elles ville ha gjort. Dette har vore praktisert i samforstand med departementet.

3.6 Namnelovgjeving internasjonalt

3.6.1 Dei sameinte nasjonane (SN)

I 1967 blei det oppretta ein SN-organisasjon for standardisering av stadnamn, United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN). Resolusjon nummer 4 frå den fyrste konferansen i Geneve i 1967 (1/4) slår fast at nasjonal standardisering av stadnamn både har økonomiske og praktiske fordelar. Nasjonal standardisering er også eit viktig grunnlag for internasjonal standardisering av stadnamn. UNGEGN oppmodar derfor til å bruke nasjonalt standardiserte former også i internasjonale samanhengar, til dømes på kart og i dokument.

UNGEGN har som mål at alle medlemslanda skal ha eit nasjonalt vedtaksorgan og retningslinjer for standardisering av stadnamn.

3.6.2 Stadnamnforvaltning i dei nordiske landa

Alle dei nordiske landa regulerer skrivemåten av stadnamn når desse skal brukast av det offentlege. Det gjeld òg dei fleste andre landa i Vest-Europa.

I **Noreg** er det Statens kartverk som gjer vedtak om skrivemåten av dei aller fleste stadnamna.

Stadnamntenesta har funksjon som rådgjevande organ i alle saker som gjeld skrivemåten av norske, samiske og kvenske stadnamn som blir brukte i offisiell samanheng. Stadnamntenesta for norske og kvenske stadnamn er administrativt underlagt Språkrådet, men opererer på sjølvstendig fagleg grunnlag etter stadnamnlova. Sametinget har ansvaret for stadnamntenesta for samiske stadnamn.

I **Sverige** er det *Lantmäteriet* som, i nært samarbeid med *Institut för språk och folkminnen* och *Riksantikvarieämbetet*, har rolla som nasjonal stadnamnmyndigheit. Frå og med 1. juli 2000 har det vore ein formålsparagraf om stadnamn i den svenske kulturminnelova (§ 4). Her heiter det at ein ved statleg og kommunal forvaltning må fylgje ”god ortnamnssed”. Etter lovteksten inneber dette blant anna at hevdvunne stadnamn ikkje kan endrast utan særlege grunnar, og at stadnamn skal fylgje svensk rettskriving, med mindre hevdvunne skrivemåtar talar for noko anna. Lovteksten omhandlar altså både namneval og rettskriving, men gjev ikkje like detaljerte retningslinjer for skrivemåten som det norske regelverket gjer. Når det gjeld namn på

eigedom, er det føresegnene i *Förordningen (2000:308) om fastighetsregister* som regulerer vedtakskompetansen til Lantmäteriet. Lantmäteriet er vedtaksorgan i saker som gjeld namn på eigedom, men hentar inn synspunkt både frå eigar, kommunar, Riksantikvarieämbetet og *Institutet för språk och folkminnen* (jf. *Språkrådet*). Den endelege stavemåten av eit eigedomsnamn (bruksnamn) kan ikkje vere i strid med rettskrivingsprinsippa i svensk eller bryte med sterk hevd. Grunneigarar har generelt ikkje stor påverknadskraft på skrivemåten av stadnamn og er berre rekna som part i saka dersom eigedomsnamnet fell saman med stadnamnet det er reist sak om.

Stednavneudvalget er den instansen i **Danmark** som fastset skrivemåten av danske stadnamn. Dette utvalet har sekretariat på *Afdeling for Navneforskning ved Nordisk Forskningsinstitut* ved Københavns Universitet. *Stednavneudvalget*, som blei oppretta i 1910, sender innstilling til Kulturministeriet, som godkjenner namneformene. Gjennom heile sitt virke har utvalet halde på prinsippet om at det berre kan eksistere éin korrekt skrivemåte av eit stadnamn. Det fylgjer også av dette prinsippet at det berre er éin korrekt stavemåte for alle godkjende samansetjingar med eitt bestemt namn. Dette svarar til den norske regelen om at skrivemåten i primærfunksjonen er retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Alle stadnamn skal som hovudregel fylgje dansk rettskriving. Det einaste unntaket er at ein kommune kan be om å få lov til å skrive eit stadnamn med *Aa/aa* i staden for *Å/å*. Dersom kommunane elles har andre ynske, har utvalet i visse tilfelle kome lokalsamfunnet i møte og dermed brote med vanleg rettskriving.

Stednavneudvalget fastset berre stavemåte på ein gard eller eit bruk dersom jordarealet er større enn 100 hektar, eller dersom det er praktiske behov for det, t.d. ved kartutgjeving. *Stednavneudvalget* behandlar aldri saker frå enkeltpersonar. Viss ein grunneigar vil ha ein annan skrivemåte enn den vedtekne, må saka gå via kommunen, som kan søkje Geodatastyrelsen eller *Stednavneudvalget* om endring.

På **Island** skal spørsmål om korleis ein skriv islandske stadnamn, rettast til *Örnefnanefnd*, som fungerer som offisiell stadnamnmyndigheit. Språkforskarar ved Árni Magnússon-instituttet for islandske studium har den rådgjevande funksjonen i normeringsarbeidet.

Island har ei eiga lov om namn på gardsbruk, *Lög um bæjanöfn o.fl.* Denne lova gjev fyrst og fremst retningslinjer for val av namn på nye bruk, blant anna er det eit krav om at namn på nye bruk skal ta omsyn til den islandske gardsnamntradisjonen. Det er *Örnefnanefnd* som etter lova med tilhøyrande forskrifter anten godtek eller forkastar ein søknad om namn på nytt gardsbruk eller endringar av eit allereie eksisterande namn. Dette utvalet høyrer inn under Utdannings-, forskings- og kulturdepartementet, og vedtak gjort av *Örnefnanefnd* kan ein anke til departementet.

Det er *Forskningscentralen för de inhemska språken* som har hovudansvaret for språkrøkt i Finland, også standardisering av stadnamn.

Forvaltninga av stadnamna i dei nordiske landa inneheld like element. Hovudregelen i alle landa er at rettskrivinga er styrande for skrivemåten av stadnamn. Ei nærare jamføring av tilhøva er det ikkje naturleg å kome inn på her. Ulike språkhistoriske tilhøve, ulik namnetradisjon, ulik busetjingsstruktur, ulik rettskrivingspraksis og ulikskapar i sosiologiske og juridiske tilhøve som knyter seg til råderett over eigedom osv., er relevante faktorar å samanlikne (sjå også punkt 3.3. *Etternamn og gardsnamn*).

3.7 UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv

Stadnamn er immaterielle kulturminne. Historisk sett er det den materielle delen av kulturarven som har vore omfatta av eit rettsleg vern. Det gjeld både nasjonalt og internasjonalt. Innanfor UNESCO-systemet fekk den materielle kulturarven ein konvensjon i 1972 med verneføresegnar for verdas natur- og kulturarv. I 2003 var ein konvensjon for den immaterielle kulturarven på plass, og Noreg ratifiserte i 2007 UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven, jf. St.prp. nr. 73 (2005–2006).

Artikkel 2 i konvensjonen definerer immateriell kulturarv blant anna slik: ”muntlige tradisjoner og uttrykk, herunder språk som et uttrykksmiddel for immateriell kulturarv”. Denne kulturarven har ”blitt overført fra generasjon til generasjon”. Eitt av føremåla med UNESCO-konvensjonen er å sikre immateriell kulturarv som ikkje har kjend opphavsmann, og som dermed er å rekne som ein kollektiv eigedom i meininga kulturuttrykk som alle kan bruke, men som ingen har eksklusiv, privat eigedomsrett til.

For å verne og fremje immateriell kulturarv pliktar kvar konvensjonspart etter artikkel 13 a) å ”vedta en overordnet politikk som tar sikte på å fremme den immaterielle kulturarvens rolle i samfunnet og integrere vern av denne arven i sitt planleggingsarbeid”. I St.prp. nr. 73 (2005-2006) om tilslutning til konvensjonen er stadnamnlova nemnd som ei av lovene som varetek tilhøve som kjem inn under føresegnene i konvensjonen. Sentralt stadnamnregister (SSR), administrert av Statens kartverk som vedtaksorgan etter stadnamnlova, kjem under det som artikkel 12 omtalar som forteikningar eller register over immateriell kulturarv, og som alle statar pliktar å ha.

Departementet vurderer det slik at alle framlegga til lovendring i dette høyringsnotatet er innanfor rammene av UNESCO-konvensjonen. Endringsframlegget fører ikkje til eit bortfall av vernetiltaka i lova, som er offisiell normering på fagleg grunn av nokre av dei viktigaste stadnamna, naturnamna og gardsnamna.

4. FRAMLEGG TIL LOVENDRING

4.1 Bakgrunn for framlegget

Reglane i lova i dag gjer det mogeleg å ikkje leggje vekt på synspunktet til grunneigaren når dette synspunktet kan seiast å vere i strid med kulturminneomsynet. Ein del grunneigarar har derfor med rette kunna hevda at synspunkta deira ikkje har

blitt tillagt særskild vekt i praktiseringa av lova, sjølv om lova har formuleringar om slik vektlegging. Andre gonger har formuleringar i lova skapt forventningar til ein råderett over bruksnamna som ikkje er reell. Til dømes er det slik at retten eigaren eller festaren har til å fastsetje namn på eige bruk, som er formulert som ein hovudregel i gjeldande § 8 i stadnamnlova, *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn*, er så avgrensa av ulike omfattande unntak, at retten i realiteten berre gjeld nye bruk.

Det er Kartverket som gjer vedtak om skrivemåte av nedervde gards- og bruksnamn, og det er desse namna som er omfatta av vernet i lova, og som eventuelt skapar konflikt mellom grunneigarar og vedtaksorgan. Lova har derfor vore til dels uklar og unødvendig komplisert å formidle⁴. Eit mål med framlegget til lovendring er å gjere det utvitydig at grunneigaren har det siste ordet når det gjeld skrivemåten av namn på eige gardsbruk (bruksnamn), så lenge han kan dokumentere at ynskt skrivemåte har vore i offentleg bruk. Lova erkjenner på denne måten råderetten over bruksnamna som ein del av den privatrettslege sfæren, i tråd med at *bruk* er definert som *privat eigedom* i Grunnboka, og i tråd med at *bruksnamn* er definert som "namn på *eigedom* under eitt gardsnummer i lova" (vår kursivering). Formålet med lovendringa har vore å erkjenne og tydeleggjere, men samstundes avgrense grunneigarinteressene mot samfunnsinteressene.

Det har vore viktig å gjere lova meir forståeleg og lettare å praktisere. Departementet har vore oppteke av å vidareføre og styrkje vernet av dei viktigaste stadnamna våre, gardsnamna, namna på matrikkelgardane.

5. FORMÅL OG VERKEOMORÅDE

5.1 Gjeldande rett

Stadnamnlova § 1 fyrste ledd lyder:

"Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna."

Formålsparagrafen skal gje uttrykk for intensjonen og verkeområdet til lova. Han skal også formidle til brukarane kva det skal leggjast vekt på i saksbehandlinga. Det står i kommentarane til lova at det ikkje er "ei bestemt skriftform som er avgjerande for verdien som kulturminne, eller at denne byggjer på ein bestemt uttale, men at det språkhistoriske, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved mange av dei, særleg dei eldre, som kastar lys over tidlegare tidars liv og virke, kjem fram [...] Den skriftforma namna får, skal ikkje skyggje for meningsinnhaldet, og i dei fleste tilfella er stadnamna samansette av vanlege ord sjølv om uttalen varierer." I forarbeida til paragrafen, Ot.prp. nr. 42 (2004–2005), står det at det er lagt vekt på

⁴ Svanevik, Anne 2010, "*Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk*". *En illusjon?* Botolv – onomastikkens harding. Veneskrift til Botolv Helleland på 70-årsdagen 9. juni 2010.

kulturminneaspektet, det praktiske formålet og aktiv bruk av namna i utforminga av paragrafen.

Det som synest å vere den sterkaste drivkrafta bak konflikhtar som gjeld skrivemåten av gards- og bruksnamn, er at grunneigarar knyter ein personleg identitet til éin spesiell skrivemåte. Denne skrivemåten av gards- og/eller bruksnamnet har ofte, men ikkje alltid, funksjon som etternamn. I ein analyse av klagesaker som gjeld gards- og bruksnamn, kjem det fram at ein del grunneigarar oppfattar skrivemåten av etternamnet som det "eigentlege" namnet (Nordland 2009). Men språkhistorisk sett er det omvendt. Etternamnet har kome til seinare enn gardsnamnet eller bruksnamnet, ikkje før. Etternamna kan i tillegg ha ein forvanska skrivemåte som bryt med norsk rettskriving og/eller dekkjer over tydinga av ordet eller orda som dannar namnet.

Det er den språklege tydinga av namnet som fyrst og fremst har kulturminneverdi. Skrivemåten er eit verkemiddel som blant anna skal få fram kva namnet betyr.

5.2 Departementet si vurdering

Departementet meiner at lovteksten i dag ikkje formidlar godt nok kva det er ved stadnamn som er verneverdig. Dette fører også til at verkemiddelet for vern, nemleg vedtak om skrivemåte, ikkje blir forstått som eit tiltak for vern.

Det er allereie med i kommentarane til stadnamnlova § 1 at hovudformålet med offisiell normering er at "skrivemåten namna får, ikkje skal skyggje for meiningsinnhaldet", men departementet meiner det er viktig å ta dette inn i lovteksten. Det går ikkje fram av forarbeida til paragrafen kva adjektivet "tenleg" tilfører, anna enn at det understrekar at skrivemåten skal vere "praktisk og tenleg". Departementet føreslår å byte ut ordet "tenleg" med setninga "*og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*". Endringa vil etter vår mening føre til ein indre samanheng mellom kva som har verneverdi (meiningsinnhald) og tiltak for vern (skrivemåte).

Dersom grunneigaren skal ha siste ord om skrivemåten på eige bruk, vil han kunne velje ein skrivemåte av eit bruksnamn som både dekkjer over meiningsinnhaldet i namnet, og som bryt med norsk rettskriving (sjå punkt 11.2). Bruksnamna vil få svakare vern fordi dei ikkje vil vere underlagde den same offisielle normeringa som før.

Det er viktig å presisere at dette ikkje inneber at dei ikkje er omfatta av formålet med lova. Skilnaden frå gjeldande rett blir derimot at eigaren eller festaren likevel har høve til å halde dei utanfor slikt vern i praksis. For andre stadnamn enn bruksnamna meiner departementet at fundamentet for vern er styrkt. Framlegget til endring av formålsteksten er ei direkte legitimering av offisiell normering som vernetiltak.

Når vi no føreslår å framheve meiningsinnhaldet i stadnamna, får det også språkpolitiske konsekvensar. Dei som ynskjer ein dialektnær skrivemåte, vil kunne hevde at lovendringa kan hindre dei i å få gjennomslag for dette. Men etter forskrift om skrivemåten av stadnamn vil det framleis vere mogeleg å få gjennomslag for dialektnære skriftformer. Framlegget til lovendring vil likevel signalisere at det ikkje

skal opnast for fleire dialektformer enn før. Det ligg også i dette at ein i saksbehandlinga må vurdere om ein dialektnær skrivemåte er så avstikkande at han skyggjer for meningsinnhaldet når heile landet skal kunne lese og forstå namnet på kart og skilt. Prinsippet om å ta utgangspunkt i nedervd lokal uttale når ein gjer vedtak om skrivemåte, gjeld likevel framleis. Variasjonen som er innanfor den offisielle rettskrivinga, sikrar i nokon grad også den språklege variasjonen lokalt. Det heiter dessutan i § 1 i forskrifta at ”det skal takast omsyn til tidlegare normeringspraksis så langt ein kan gjere det utan å komme i strid med lova”.

Prinsippet om å ta utgangspunkt i lokal nedervd uttale er ikkje berre til for å få til ein talemålsnær skrivemåte eller ei rettskriving med lokal farge. Eit slikt utgangspunkt er også metodisk viktig for å forstå det språklege opphavet til namnet – og dermed fastsetje ein meningsberande skrivemåte. Dette prinsippet er derfor ikkje mindre viktig enn før.

Dei som ynskjer ein skrivemåte på bruket sitt som ikkje er i tråd med offisiell rettskriving, vil måtte argumentere på grunnlag av ein tydelegare kommunisert intensjon om at det ikkje er relasjonen mellom ein grunneigar og bruksnamnet som har verneverdi, men *det innhaldet som namnet formidlar*. Gardsnamna og andre stadnamn enn bruksnamna i sekundære funksjonar vil framleis få ein skrivemåte som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet. Det blir grunneigaren sitt val om bruksnamnet skal vere del av den same formidlinga av meningsinnhald som eit stadnamn med fagleg kvalitetssikra skrivemåte er. Det er også viktig å minne om at det er opp til Kartverket å vurdere kartografisk og praktisk kva namn som skal inn på eit kart. Dette inkluderer også bruksnamn.

Departementet gjer merksam på at vektlegginga av meningsinnhaldet ikkje betyr at ein i saksbehandlinga skal ”tilbakestille” og endre skrivemåten av namn som gjennom tida har fått ein uttale og dermed ei rettskriving som gjer at meningsinnhaldet er uklart. Langt frå alle stadnamn har språkelement i seg som gjer at meningsinnhaldet er tydeleg. Dette gjer dei ikkje mindre verdifulle å bruke og vidareføre. Her er også ein viktig grunn til at ein i normeringsarbeidet skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen som har overlevert namnet. Tilsvarande gjeld for namn som har utolka eller uforståelege språkelement i seg. Desse skal vidareførast som dei er med ei skriftform som ligg så nær uttalen som mogeleg. Framtidig forskning vil kunne avdekkje meningsinnhaldet.

5.3 Endringsframlegg i § 1

Departementet føreslår at formålsparagrafen i hovudsak blir vidareført, men at formidlinga av meningsinnhaldet som vernetiltak blir gjort eksplisitt i paragrafen:

- Ordet ”tenleg” blir bytt ut med ei leddsetning ”*som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet i namnet*”.

Ordlyden i § 1 fyrste ledd blir etter lovframlegget:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og *som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

6. DEFINISJONAR

6.1 Gjeldande rett

Definisjonane går fram av § 2 i lova. I fyrste ledd bokstav a) er omgrepet "stadnamn" definert som "namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast". I allmennordbøkene er "stad" definert som "avgrensa område, plass eller flekk", som i uttrykket "eg bur på ein liten stad".

I bokstav b), c) og d) blir gardsnamn, bruksnamn og nedervd stadnamn definert.

Eit gardsnamn er etter lova ikkje namn på ein enkelteigedom, slik forståinga ofte vil vere i daglegtalet. Derimot er bruksnamn "namn på eigedom [...]". Dei fleste grunneigarar til eit bruk vil til vanleg omtale bruket som ein "gard", sjølv om det etter definisjonen i lova er eit *bruk*. I tillegg ser vi også tendensar til at bruksnamn blir forstått som "det namnet vi brukar", altså eit slags daglegnamn på eit bruk som offisielt heiter noko anna. Dette er alt i alt med på å komplisere forståinga av termene gardsnamn og bruksnamn. Legaldefinisjonane er ikkje dårlege kvar for seg eller seg imellom, men det er vanskeleg å sjå bort frå at allmennforståinga av ordet gard og gardsbruk kompliserer forståinga av termene *bruksnamn* og *gardsnamn*, slik dei er definerte i lova.

I § 2 bokstav e) er lokal talemålsform definert.

Primærfunksjon er eit sentralt omgrep i lova og er med i hovudregelen i ein av dei mest sentrale paragrafane, § 4 *Reglar om skrivemåten*: "Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane." Termen "primærfunksjon" er spesialisert, men ikkje definert i lova, noko som gjer at ein hovudregel for vedtak om skrivemåte ikkje blir optimalt formidla.

6.2 Departementet si vurdering

Ut frå erfaring med korleis lova blir oppfatta, er det ikkje nødvendigvis slik at det er så lett å forstå at stadnamn etter definisjonen også omfattar namn på t.d. bruer, tunellar, bygningar, kommunar og skulekrinsar. Definisjonen av stadnamn formidlar ikkje dette intuitivt, sjølv om det er presisert i kommentarane til § 2, og sjølv om det kan synast klart frå ein namnefagleg ståstad. Misoppfatningar av kva som etter lova er ein *stad* og eit *stadnamn*, er opphav til misnøye og uvisse i lokalsamfunna kring spørsmål om kva typar namn som skal ha ein skrivemåte etter stadnamnlova.

Departementet meiner at den eksisterande definisjonen av *stadnamn* i dag er for abstrakt, og føreslår å formulere ein heilt ny definisjon. Framlegget er å ta inn i ny § 2

bokstav a) dei same forklarande omgrepa som i dag er brukte i kommentarane til § 2. Stadnamn blir etter dette ikkje lenger "punkt, liner og område", men "terrengformasjonar, kulturformasjonar og administrative område". Endringa vil gjere det enklare for brukarane å forstå kva eit stadnamn etter lova er. Framlegg til endring i definisjonen av *stadnamn* i bokstav a) inneheld ingen materielle endringar. Det er ei rein presisering av kva det materielle innhaldet i definisjonen er, dvs. kva omgrepet stadnamn i lova omfattar.

Termene *gardsnamn* og *bruksnamn* går som nemnt i punkt 3.2 over i ein annan i daglegtalet, men i legaldefinisjonane er det eit tydeleg skilje. Denne situasjonen har skapt eit formidlingsproblem som også har hatt innverknad på dei prosessane som har initiert lovarbeidet. Departementet har vurdert å skifte ut dei gjeldande termene med termar som kunne formidle skiljet mellom *gardsnamn* og *bruksnamn* betre, men har kome til at det er betre å tydeleggjere sjølve definisjonen av termene.

Det er eit poeng i seg sjølv å ikkje endre termar for ofte. Framlegg til nye termar i ei lov skapar ofte nye spørsmål om avgrensingar til andre lovverk osv. Vi veit betre kva som er problemet med termene i dag enn kva eventuelle problem ein ny term vil skape. Derfor er framlegget til lovendring at definisjonen av *bruksnamn* blir endra slik at ordet "gardsbruk" kjem inn i definisjonen i ny § 2 bokstav c). *Gardsbruk* ligg tett på det ein grunneigar vil kalle eigedomen sin, og det er *namnet på gardsbruket* han får større råderett over etter framlegget til lovendring, ikkje *gardsnamnet* (namnet på eit gardsområde som dekkjer fleire bruksnummer). *Bruksnamn* vil etter framlegg til lovendring vere definert som "namn på *gardsbruk* eller eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardnummer".

Dette er ikkje ei endring av det materielle innhaldet i lova, men lovteksten inkluderer med dette den allmenne forståinga av omgrepet *gard*, samtidig som det juridiske skiljet mellom *bruksnamn* og *gardsnamn* er like skarpt.

Generelt kan ein seie at terrengformasjonar, gamle kulturformasjonar og gamle administrative område ofte ber eit nedervd stadnamn. Lova skil likevel ikkje mellom gamle og nye kulturformasjonar eller administrative område. Det er eit mål med lova å hindre at gamle stadnamn blir bytte ut i utrengsmål når t.d. nye kulturformasjonar eller administrative område oppstår, jf. § 3 andre ledd.

Etter norsk namnetradisjon er det vanleg at ein veg blir oppkalla etter ein gamal gard i området der vegen går. Dette er viktig vidareføring (vern) av stadnamn når nye t.d. kulturformasjonar oppstår og gammalt terreng forsvinn. Attende har vi kanskje berre det ikkje-handfaste kulturminnet som fortel noko om staden, t.d. om ein gard som ein gong var. Derfor er også hovudregelen for fastsetjing av skrivemåte i § 4 at det er skrivemåten av namnet på den lokaliteten eit namn opphavleg blei brukt om, som skal vere retningsgjevande for skrivemåten av andre namn i området rundt.

Departementet har derfor vurdert det slik at fagtermen *primærfunksjon* bør ha ein definisjon i lovteksten. Vi tilrår å bruke den definisjonen som allereie er etablert i rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn, punkt 1: "den lokaliteten eit namn opphavleg blei brukt om".

I kommentarane til § 2 går det fram at lovframlegget i 2005 var å endre omgrepet frå "nedervd lokal uttale" til "den lokale talemålsforma". I stortingsbehandlinga av lovendringa blei dette framlegget reversert. Det opphavlege omgrepet "nedervd lokal uttale" kom inn i § 4, men blei ikkje tilbakestillt i § 2. Omgrepet "lokal talemålsform" blei ikkje teke ut av § 2, slik at no står det ein definisjon av dette i bokstav e) som ikkje skal vere der.

Departementet meiner at definisjonen av *lokal talemålsform* i § 2 fyrste ledd noverande bokstav e) bør erstattast med ein definisjon av nedervd lokal uttale, og at denne bør vere den same som i gjeldande forskrift; "den uttalen som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk". Dette er ei oppfylging av det som blei vedteke ved førre endring av lova.

6.3 Endringsframlegg i § 2

Departementet føreslår ein ny definisjon av *stadnamn* i § 2 fyrste ledd bokstav a):

- a) *stadnamn: namn på terrengformasjonar (t.d. fjell og vatn), kulturformasjonar (t.d. gardar, vegar og bruer), administrative område (t.d. kommunar og sokn) og institusjonar (t.d. bygningar)*

Departementet føreslår ein endra definisjon av bruksnamn i § 2 fyrste ledd bokstav c):

- c) *bruksnamn: namn på gardsbruk eller eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer*

Departementet føreslår at "primærfunksjon" blir definert i § 2 fyrste ledd i ny bokstav g):

- g) *primærfunksjon: den lokaliteten eit namn opphavleg blei brukt om*

7. NAMNEVERN

7.1 Gjeldande rett

Paragraf 3 i stadnamnlova kom inn ved lovrevisjonen i 2005. Formålet var å ta vare på eksisterande namnetradisjonar og samtidig sikre at gamle namn ikkje urettmessig blir brukte i kommersiell verksemd, t.d. ved at eit kjent namn blir brukt på ein ny stad som ikkje har tilknytning til det opphavlege namneobjektet, t.d. for å auke marknadsverdien

til den nye staden⁵. Paragrafen blei teken inn fordi det var stor tilslutning til det i ei spørjeundersøking i samband med ei evaluering av stadnamnlova. I evalueringsrapporten⁶ blei det omtalt som ein mangel ved lova at ho ikkje inneheldt reglar om namnevern og namnsetjing i tillegg til reglar om skrivemåten og bruk av stadnamn. Evalueringsrapporten omtalte kort at det kanskje var behov for samordning av reglane for vedtak om skrivemåte og reglane for å velje namn – som både då og no er spreidde i ulike lover eller fylgjer av sedvane. Ein konkluderte med at det ville ha for vidtrekkjande konsekvensar å flytte alle reglar om namnsetjing til lov om stadnamn, og gjorde det ikkje.

Reglane om namnevern og namnsetjing i stadnamnlova § 3 fastslår ikkje vedtaksmyndigheit for val av namn i ulike situasjonar innanfor verkeområdet til lova, men er ei støtte for formålsparagrafen. Sjølv om namneval ikkje er del av saksbehandlinga etter stadnamnlova, gjeld likevel klageretten i stadnamnlova når og dersom vedtak etter anna lovgjeving kan seiast å vere i strid med § 3 (sjå punkt 12.1).

Ulike namneval som stat, kommune og fylkeskommune gjer, fylgjer av lov og sedvane. I stadnamnlova er det få direkte tilvisingar til anna lovgjeving, sjølv når skrivemåten, etter at det aktuelle namnevalet er gjort, skal fylgje reglane i stadnamnlova. Vedtak om offisiell adresse er heimla i matrikkelforskrifta⁷ § 51 fyrste ledd. Her er ei direkte tilvising til lov om stadnamn når det gjeld vedtak om skrivemåte:

”Kommunen skal tildele alle gater, veger, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen. Skrivemåten fastsettes etter reglene i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn.”

Tilsvarande heimel finst ikkje for andre stadnamn som kommunen har ansvaret for. Det kan stillast spørsmål om det er eit uklart lovgrunnlag for at kommunane vel namn innanfor kommunegrensene – når dette namnevalet ikkje skjer i adresseringssamanheng etter matrikkelforskrifta § 51. I Meld. St. 12 (2011–2012) *Stat og kommune – styring og samspel* blir det gjort greie for kommunelova og det kommunale sjølvstyret:

”Det går fram av § 6 at kommunane er eigne rettssubjekt. Dette set skrankar for styringa frå andre instansar og gjev kommunane kompetanse. Kompetansen er i utgangspunktet autonom og gjev kommunane høve til å binde seg sjølv. Det er ikkje gjeve generelle avgrensingar på kommunane sin kompetanse til å binde seg sjølv. Kommunane har som tidlegare nemnt negativt avgrensa kompetanse i Noreg. Det inneber at dei kan gjere kva dei vil så lenge det ikkje er ulovleg eller oppgåva er lagd til andre. Rammene for kva som er lovleg, følgjer både av lovfesta og ulovfesta rett. Dersom kommunen som offentlig myndigheit skal binde andre, må han likevel ha eigen lovheimel for det.”

⁵ Ot.prp. nr. 42 Om lov om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m.

⁶ Kulturdepartementet 2001. Evaluering av stadnamnlova. Avgitt til Kulturdepartementet januar 2001. http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/rapporter_planer/rapporter/2001/evaluering-av-stadnamnlova.html?regi_oss=1&id=521571

⁷ Forskrift om eiendomsregistrering (matrikkelforskriften)

Høvet kommunen har til å velje namn, i tilfella som ikkje gjeld adressering, følgjer av den negativt avgrensa kompetansen til kommunen. Kommunen kan gjere det han vil så lenge det ikkje er i strid med lov, forskrift eller rettsleg bindande ulovfesta prinsipp.

Alle tiltak som kommunen har ansvaret for, og som treng eit namn, har kommunen rett til å velje namn på. Indirekte viser stadnamnlova også til denne kompetansen når det i § 1 *Formål og verkeområde* tredje ledd blir slege fast: "Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta." Skrivemåten av stadnamn vedtek kommunen etter reglane i stadnamnlova. Dersom kommunen gjer eit val av nytt namn eller eit vedtak som set til sides eit innarbeidd namn, og dette kan seiast å vere i strid med § 3 i stadnamnlova, gjeld klagereglane i stadnamnlova.

Terrengformasjonar som fjell og vatn har oftast godt innarbeidde namn, men det hender likevel at dei ikkje har det. Det er ingen som i dag har lovheimla rett til å velje namn på t.d. fjelltoppar som det faktisk ikkje finst namn på. Kartverket er i dag vedtaksorgan for skrivemåten av naturnamn. Nye, utradisjonelle namn som Stølsheimen, Breheimen, Skarvheimen og Huldreheimen er tekne i bruk av Turistforeningen og/eller lokale turlag på store naturområde dei siste tiåra, og har dels kome i offentleg bruk (på kart, skilt og liknande). Kommunar og lokale foreningar reagerer ofte på det blir teke i bruk namn utan rot i lokal tradisjon. At nye namn oppstår, kan jamførast med at nye ord oppstår i språket. Det er vanskeleg å seie at dei ikkje finst viss enkelte hevdar å bruke namna. Likeins er det vanskeleg å "vedta at dei finst" viss dei ser ut til å vere døgnfluger, og det ikkje kan visast til noko gjennomslag i språket over tid. Generelt vedtek ikkje Kartverket skrivemåte av slike namn før det har gått ei viss tid, og namna har blitt innarbeidde i språket og påviseleg er i levande bruk.

7.2 Departementet si vurdering

Ettersom stadnamnlova ikkje inneheld reglar om namneval, er det misvisande når tittelen på § 3 inneheld ordet "namnsetjing". Paragraf 3 er ingen vedtaksregel. Dette gjer at dei som les lova, leitar etter ein annan paragraf i lova der denne kompetansen til å namnsetje er fastsett – og finn han heller ikkje der. Departementet meiner at tittelen på paragrafen skapar forvirring kring heilt sentrale formål med ei lov – nemleg å slå fast kven som har rett til å gjere kva. Framlegget til lovendring er derfor å fjerne "namnsetjing" frå tittelen i § 3. Ei slik endring tilfører eller fråtek ikkje lova materielt innhald, men er klargjerande for innhaldet i paragrafen og tilhøvet mellom stadnamnlova og anna lovverk.

Departementet meiner at fyrste leddet i § 3 er tungt å lese, og føreslår ei språkleg endring i fyrsteleddet som ikkje endrar på innhaldet, men som får fram innhaldet på ein betre måte.

”Som hovudregel” blir stroke frå setninga, fordi det er overflødig. Det er innbakt i strukturen i ein paragraf at fyrste leddet formulerer hovudregelen. Når ”som hovudregel” likevel står i setninga, blir leddet oppfatta emfatisk (ettertrykkeleg). Lesaren vil sjå etter unntaka frå hovudregelen i staden for å få med seg at hovudregelen er ei vilkårssetning med tre bokstavar a), b) og c), ikkje ein hovudregel med ei opprømsing av unntak a), b) og c).

I innhald presenterer leddet i dag fleire vilkår som skal vere innfridde for at eit stadnamn kan takast i bruk på ein stad det tradisjonelt ikkje høyrer heime, men i form ser leddet ut som eit omfattande forbod: ”Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime når det ...” [vår understreking]. Dersom det fyrste ”ikkje” (nektingsadverb) blir bytt ut med ”berre” (vilkårsadverb), og viss ”når det” blir bytt ut med ”dersom”, kjem det to tydelege vilkårsadjektiv inn i setninga. På denne måten kjem forma meir i tråd med innhaldet, som er ein presentasjon av vilkår i ein hovudregel, ikkje ei opplisting av det som ser ut som forbod.

Intensjonen i føreseigna andre ledd er todelt: 1) å hindre at namn med stor geografisk utbreiing automatisk blir til fortrensel for namn som har ei mindre geografisk utbreiing og 2) å hindre at eit nedervd stadnamn bli bytt ut med eit stadnamn som blir oppfatta som ”finare”, t.d. at kommersielt meir omsetjelege namn trengjer ut nedervde stadnamn i offisielle dokument, kart og skilt. Reglane er viktige for å ta vare på variasjonen i namneverket. Overordna handlar føreseigna om å vidareføre så mange namn som råd i primærfunksjonen. Variasjon i kva for lokalitetar (stader) som på folkemunne eller ved vedtak har fått eit namn, gjev variasjon i tilfanget av namnetypar.

Føreseigna skal likevel ikkje vere til hinder for ei viss endring i namna på ein stad, dersom særlege grunnar talar for det. Departementet har likevel gått igjennom på nytt dei særlege grunnane som skal til for å byte ut eit namn. Etter ei samla vurdering av ulike innspel og erfaringar med praktisering av lova har departementet funne grunn til å stramme inn krava til ”særlege grunnar”. Eit punkt vi t.d. finn lite formålstenleg og uheldig i dag, er setninga i kommentarane som seier at det ikkje ”skal stillast strenge krav til ”særlege grunnar” i denne samanhengen”.

7.3 Endringsframlegg i § 3

Departementet føreslår desse endringane:

- ny tittel
- språklege endringar i fyrste ledd
- eit nytt andre ledd med presisert innhald

Den nye tittelen på § 3 blir etter lovframlegget:

§ 3 Namnevern

Den nye ordlyden i § 3 fyrste ledd blir etter lovframlegget:

Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom

- a) *det ikkje er i bruk som verna etternamn, eller*
- b) *det ikkje er eit særeige namn, eller*
- c) *det ikkje av andre grunnar bør vernast*

Framlegg til ny ordlyd i § 3 andre ledd:

Eit nedervd stadnamn som er i bruk i éin funksjon, kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon på staden i same funksjonen. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

8. REGLAR OM SKRIVEMÅTEN

8.1 Gjeldande rett

I § 4 er hovudprinsippa for fastsetjing av skrivemåte (normering) slegne fast. Ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, men når ein fastset skrivemåte, skal denne vere innanfor rettskrivinga. Som i normeringsspørsmål elles er det fleire omsyn å ta. Omsyna er delvis motstridande, og i prinsippet er det opna for at stadnamn kan få ein skrivemåte med dialektnære former utanfor rettskrivinga, språkhistorisk korrekte former og former som er påverka av tidlegare rettskriving.

Skrivemåten av kvenske stadnamn fylgjer finske rettskrivingsprinsipp, fordi kvensk til no ikkje har hatt ei eiga rettskriving.

8.2 Departementet si vurdering

I 2005 fekk kvensk status som eige minoritetsspråk, separat frå finsk. Noreg ratifiserte i 1993 minoritetsspråkpakta⁸, som gjer at vi har eit spesielt ansvar for fremje og verne kvensk språk. Sidan sist lovendring har altså kvensk fått status som eige språk, og det kan derfor verke lite føremålstenleg at skrivemåten av stadnamn skal fylgje *finsk* rettskriving.

Departementet har gjennom løyvingar til Kvensk institutt støtta ei standardisering av kvensk språk, som ein del av revitaliseringa av språket. I 2013 blei kvensk rettskriving presentert som ferdig. Ettersom ho ikkje har blitt implementert enno, og ein ikkje veit korleis ho fungerer i praksis, er departementet usikre på om rettskrivinga er nok gjennomarbeidd til at ho bør brukast i stadnamnnormering. På den andre sida kan ei endring i stadnamnlova som seier at kvenske stadnamn skal skrivast med kvensk

⁸ Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk

rettskriving, vere med på å skaffe kvensk språk eit konkret bruksområde som mange kvenar vil kjenne sterk identitet til. Normeringsomsyna som er nødvendige å ta i forvaltninga av stadnamnlova, kan også synleggjere ein språkleg variasjon innanfor kvensk som rettskrivinga tener på å bli konfrontert med.

Språkpolitisk vil framlegget til lovendring medføre ei statusheving av kvensk språk. Departementet vil leggje vekt på innspel frå dei kvenske miljøa i spørsmålet.

8.3 Endringframlegg i § 4

Departementet føreslår fylgjande endring:

- Fyrste ledd tredje punktum blir endra slik at kvenske stadnamn skal få ein skrivemåte etter kvensk rettskriving, ikkje lenger etter finsk.

Framlegg til ny ordlyd § 4 fyrste ledd, tredje punktum:

For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i *kvensk*.

9. VEDTAK ETTER STADNAMNLOVA

9.1 Gjeldande rett

Vedtak etter stadnamnlova er ikkje vedtak om kva ein stad skal heite, men vedtak om skrivemåten av namnet. Paragraf 5 slår fast kva instans som gjer vedtak om skrivemåte av ulike stadnamn som skal brukast av organ for stat, kommune og fylkeskommune. Kven som vel sjølv namnet, er det ingen føresegner om i lova, med unntak av regelen om at grunneigar fastset namn på eige bruk. Reglar om val av namn går fram av ulik lovgjeving, t.d. matrikkellova⁹, kommunelova¹⁰ og kyrkjelova¹¹.

9.2 Departementet si vurdering

Det fylgjer av § 5 andre ledd kva namn kommunane og fylkeskommunane kan vedta skrivemåten for. I tredje ledd går det fram at Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av "andre stadnamn" enn dei som går fram av andre ledd. Departementet meiner det er behov for å presisere kva namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for etter at ulike instansar etter ulik lov eller sedvane har gjort eit namneval. Ei oppstilling av kva stadnamn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåte for, vil tydeleggjere vedtakskompetansen til Statens kartverk på lik linje med vedtakskompetansen til kommunane og fylkeskommunane.

⁹ Lov om eiendomsregistrering (matrikkellova)

¹⁰ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)

¹¹ Lov om Den norske kirke (kirkeloven)

9.3 Endringframlegg i § 5

- Fyrste ledd bokstav b) blir endra i samsvar med endringane i § 8.
- I tredje ledd blir det presisert kva namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for.

Ny ordlyd i stadnamnlova § 5 blir etter framlegget:

§ 5. Fastsetjing av skrivemåten

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) offentlig organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd,
- b) eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 *første ledd*,
- c) lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn,
- d) stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.

Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av *gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn (terrengformasjonar), namn på statlege anlegg o.l.* dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor same administrative område.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

10. NÆRMARE OM SAKSBEHANDLINGA

10.1 Gjeldande rett

Gjeldande reglar for saksbehandling blei forenkla i lovendringa i 2005. Før 2005 gjekk ei sak mellom dei ulike ledda i saksbehandlinga minst fem gonger.

Stadnamnkonsulentane gav til dømes både førebels og endeleg tilråding, og det var ikkje mogeleg å gjere samlevedtak. No er dette forenkla slik at når ei namnesak er teken opp av eller med vedtaksorganet, skal saka kunngjerast for dei som har rett til å uttale seg, og berre eigar eller festar skal tilskrivast direkte. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal stadnamnkonsulentane gje tilråding om skrivemåten til vedtaksorganet. Eigaren/festaren får ikkje automatisk tilsendt tilrådinga frå stadnamnkonsulentane.

10.2 Departementet si vurdering

Departementet føreslår tre endringar med materielt innhald i stadnamnlova § 6.

I fyrste ledd andre punktum er framlegget til endring å overføre kontrollen over bruksnamna frå Kartverket til eigaren eller festaren. I framlegget, som er å tilføre eit ledd som gjev eigaren eller festaren "det avgjerande ordet" i saker som gjeld bruksnamn, er tanken nett at synspunktet til eigaren ikkje berre skal "tilleggjast vekt", men vere avgjerande. Derfor blir også fjerde punktum fjerna: "Synspunktet til eigaren skal tilleggjast særskild vekt."

Framlegga til endring tyder ikkje at Kartverket ikkje lenger er vedtaksorgan i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn, men ynsket grunneigaren har til skrivemåte skal etterkomast, så lenge eigaren eller festaren kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk.

Departementet ser det også som viktig å lovfeste at eigaren/festaren har rett til å få den faglege tilrådinga frå namnekonsulenttenesta, og gjer derfor framlegg om dette i fyrste ledd. Endringa vil føre til at grunneigaren blir opplyst om moment som har kome fram i høyringsrunden og på kva fagleg grunnlag namnekonsulenttenesta gjer tilrådingane sine. Høyringsrunden og den faglege tilrådinga blir også meir meningsfull og demokratisk dersom eigar/festar har høve til å endre synspunkt ut frå det som har kome fram i tilrådinga og fråsegnene frå t.d. kommunen eller det lokale historielaget. I samband med dette vil kommunane få ei tilleggsoppgåve med å sende den språkfaglege tilrådinga for bruksnamn direkte til eigar eller festar. På den andre sida slepp kommunane etter framlegget til endring i stadnamnlova § 8 andre ledd siste punktum å sende desse sakene om bruksnamn på lokal høyring dersom grunneigaren kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk. Desse sakene treng kommunen heller ikkje kunngjere "i to aviser som er allminneleg lesne på staden, eller på annan høveleg måte" (jf. stadnamnlova § 6 tredje ledd). Det er grunn til å tru at dette totalt sett vil gjere at det blir mindre arbeid for kommunane i kvar enkelt sak om bruksnamn.

10.3 Endringsframlegg i § 6

Departementet føreslår desse endringane:

- I fyrste ledd andre punktum blir kontrollen over bruksnamna overført til eigaren eller festaren frå Kartverket i setninga "har det avgjerande ordet i desse sakene".
- Fjerde punktum blir fjerna: "Synspunkta til eigaren skal tilleggjast særskild vekt."
- I fyrste ledd siste punktum blir det innført ein saksbehandlingsregel som tilgodeser grunneigaren.

Ordlyden i § 6 blir etter lovframlegget:

§ 6. *Nærmare om saksbehandlinga*

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigiar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, *og har det avgjerande ordet i desse sakene*. Eigiar eller festar har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten til vedtaksorganet. *Tilrådingar som gjeld bruksnamn, skal kommunen sende til eigiar eller festar*.

Saker som gjeld gards- og bruksnamn, skal eigiar eller festar få tilsendt direkte. Saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal dessutan sendast til lokale organisasjonar med særleg tilknytning til saka. I tillegg skal saka kunngjerast i minst to aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte. Saker som gjeld andre namn, skal kunngjerast på same måten.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

11. SÆRSKILDE REGLAR OM GARDSNAMN OG BRUKSNAMN

11.1 Gjeldande rett

Det er ofte gardsnamn som har størst interesse for det offentlege fordi det i mange tilfelle er dette namnet i primærfunksjonen som har gjeve namn til andre lokalitetar/namneobjekt, særleg bruk, men også tettstader, byggjefelt, vegar osv., dvs. namn som skal brukast på kart og skilt og av organ for stat, fylkeskommune og kommune. Den gjeldande hovudregelen i stadnamnlova § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* er at gardsnamn og bruksnamn skal ha lik skrivemåte. Eit vedtak om skrivemåten av gardsnamnet gjev føringar om skrivemåten av namnet på eit fråskilt bruk, dersom namnet på bruket *Vik* fell saman med eit nedervd gardsnamn *Vik*. Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av gamle gardsnamn og bruksnamna utleidd frå desse. Eigaren eller festaren av eit bruk har kunna velje namnet og fastsetje skrivemåten av eit bruksnamn berre dersom det ikkje har vore utleidd frå eit nedervd gardsnamn.

11.2 Departementet si vurdering

Departementet føreslår ei strukturell og språkleg endring i § 8. Det som er gjeldande fyrste ledd, blir etter framlegget flytta ned til siste ledd, samtidig med at leddet blir omformulert. Denne endringa motverkar ei misforståing som gjeldande lov til ein viss grad har forårsaka og som har skapt forventningar til ein råderett som ikkje har vore reell. Stadnamnlova § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* fyrste punktum i fyrste ledd vil ein etter strukturen oppfatte som ein hovudregel: "Eigiar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk". Denne retten til å velje namn på eige bruk

gjeld i realiteten berre *nye* bruk, som ikkje ber eit nedervd stadnamn, altså er regelen meir eit unntak enn ein hovudregel. Den eigentlege hovudregelen går fram av § 8 andre ledd, som slår fast at skrivemåten av eit gardsnamn skal overstyre skrivemåten av eit bruksnamn når desse namna er identiske. Departementet meiner at det bør bli tydelegare kva som er hovudregelen i paragrafen. Dette kan ein få til ved å endre strukturen og presisere innhaldet språkleg.

For å gje grunneigar større innverknad på korleis namnet på eigedomen hans blir skrive, sende departementet ut på høyring eit framlegg i 2012 om å oppheve kravet om same skrivemåte av gardsnamn og bruksnamn, slik at bruksnamn skal kunne ha ein skrivemåte som ikkje rettar seg etter skrivemåten av gardsnamnet det er utleidd av. Dette framlegget møtte stor motstand i høyringsrunden¹². Departementet held likevel fast ved framlegget i denne runden. Framlegget er at grunneigaren får det avgjerande ordet i valet av skrivemåte av bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn.

Vidare føreslår departementet at eit vedtak i desse tilfella kan gjerast utan anna høyring. Dette inneber ei markant styrking av grunneigarinteressene i lova jamført med samfunnsinteressene. Framlegget vil innebere eit unntak frå hovudregelen om at skrivemåten av namnet i primærfunksjonen skal vere retningsgjevande for namnebruken i andre funksjonar. Dette bryt med prinsippet om at ulike namneobjekt som språkhistorisk og geografisk er identiske, skal ha same skrivemåte.

Departementet meiner kulturminneomsynet ikkje blir vesentleg truga ved dette framlegget til endring. Vedtaksorganet for nedervde stadnamn, også nedervde gardsnamn, er framleis Statens kartverk. Skrivemåten av andre nedervde stadnamn enn bruksnamna skal framleis vere retningsgjevande for skrivemåten av namn i (andre) sekundære funksjonar. Den råderetten eigaren eller festaren har over bruksnamnet, gjeld dei gongene han ynskjer ein annan skrivemåte enn den som fylgjer av eit vedtak i Kartverket eller er godkjent etter gamalt regelverk. Slik råderett er det ikkje urimeleg å gje grunneigaren, fordi bruksnamnet på ein annan måte enn t.d. gardsnamna allereie kan seiast å vere del av den privatrettslege sfæren. Eit bruksnamn er i dag definert i stadnamnlova som namn på *eigedom* (sjå punkt 3.2. ovanfor). Til eit bruksnamn knyter det seg éin eigar eller festar. Verknadene av ei slik lovendring må likevel avgrensast for at formålet med lova ikkje skal bli uthola.

Det er eit urimeleg utslag av privat eigedomstenking dersom offentleg namnegjeving på andre namneobjekt elles (barnehagar, skular, vegar, bruer) skal rette seg etter skrivemåten av bruksnamna som grunneigaren etter forslaget har stor kontroll over. Hovudregelen i § 4 andre ledd gjeld derfor framleis: "Når same namnet er brukt om

¹² Kulturdepartementet 2012. Høring – forslag til endring i lov om stadnamn.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/hoeringer/hoeringsdok/2012/horing---forslag-til-endring-i-lov-om-st.html?id=678717>

ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane.”

Råderetten til eigaren eller festaren er også i dag avgrensa av § 3 *Namnevern*. Det er derfor inga materiell endring når departementet føreslår at det blir presisert i § 3 siste ledd at dette blir eksplisitt uttrykt i lova.

Ei anna avgrensing som er føreslege, er at eigaren må kunne dokumentere at namnet han ynskjer på bruket sitt, har vore i bruk av det offentlege som bruksnamn. Denne avgrensinga er mellom anna føreslege for å hindre at skrivemåte av etternamn, som er regulert i personnamnlova, automatisk skal få innverknad på offentlig normering av stadnamn (sjå punkt 3.3. ovanfor). Departementet har vurdert om det bør stillast krav til dokumentasjon i det heile. Viss det ikkje blir stilt krav til dokumentasjon, treng ikkje eigar eller festar grunngje ynsket sitt om skrivemåte, noko som vil føre til minimalt med saksbehandling i bruksnamnsaker. Vi har likevel kome til at det bør stillast visse krav til at grunneigarar kan dokumentere ynskt skrivemåte av eit bruksnamn. Til grunn for vurderinga ligg også at mange grunneigarar er opptekne av tradisjon og hevd, og ynskjer at skrivemåten av stadnamna skal vere ein stabil storleik. Av den same grunnen ser ikkje departementet behov for at det blir sett avgrensingar på kor ofte skrivemåten av eit bruksnamn kan endrast av eigaren eller festaren.

Krav til dokumentasjon for alle undergrupper av stadnamn har til no handla om kva for kriterium som skal leggjast til grunn for at skriftformer skal kome inn under nemningane ”er i bruk av det offentlege” og ”godkjende og brukte i offentlig samanheng”. Desse nemningane er nytta i lova § 9 tredje ledd og forskrifta § 15 fyrste ledd. Kartverket treng slike kriterium for å vite kva for skriftformer som kan leggjast inn som godkjende etter gamalt regelverk i Sentralt stadnamnregister (SSR). Kommentaran til lova § 9 har fylgjande forklaring: ”Med ”i bruk av det offentlege” i tredje ledd i paragrafen er meint at det offentlege nyttar namnet i tenesteutøving, på kart, skilt, i register mv. Oppføring i namnesamlingar, bygdebøker o.l. er ikkje offentlig bruk.”

Klagenemnda for stadnamnsaker og departementet har også hittil uttalt at skrivemåtar på skøyte og i private dokument blir lagde mindre vekt på enn autoriserte skrivemåtar, dvs. skrivemåtar på offisielle kart og i offisielle matriklar. Også i dag er det høve til å leggje vekt på innarbeidde skriftformer som ikkje er i tråd med gjeldande rettskriving, jf. merknadene til § 4 i forskrifta til stadnamnlova:

“Dagens skriftformer kan ha oppstått på ulike måtar, nokre meir tilfeldig, andre etter vurdering i samsvar med gjeldande regelverk. Dersom den forma som er brukt i statleg samanheng, byggjer på det regelverket for skrivemåten av stadnamn som til kvar tid har vore gjeldande, bør det leggjast vekt på denne. Dersom ei anna skriftform er vel kjend og meir brukt, må det likevel vurderast om ho bør brukast.

Skrivemåten av stadnamn kan avvike frå gjeldande rettskrivingsprinsipp når skriftforma har vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, eller at det knytter seg særleg sterke interesser til denne skriftforma, t.d. av økonomisk karakter. Utanlandske og reint litterære namn og nyare personnamn treng ikkje følgje norske rettskrivingsprinsipp.”

Departementet føreslår at krava til dokumentasjon for skrivemåten av bruksnamn ikkje skal vere like strenge som dei i praksis har vore før. Til dømes vil eit skøyte bli ein godkjend dokumentasjon på skrivemåte av bruksnamnet, noko det ikkje har vore til no. Derimot vil ikkje skrivemåten av etternamn på gravsteinar kunne brukast som dokumentasjon på skrivemåten av bruksnamnet, heller ikkje skrivemåten i bygdebøker og oppføring i namnesamlingar. Bygdebøker har ulik fagleg kvalitet og er ikkje eigna som kjelder til skrivemåte av stadnamn, fordi dei er skrivne med veldig ulike utgangspunkt. Namnesamlingar kan ikkje brukast som kjelde til skrivemåte fordi dei kan ha som mål i seg sjølv å framstille stadnamn heilt talemålsnært. Bygdebøker og namnesamlingar er elles verdifulle kjelder til å dokumentere lokal nedverd uttale og kulturhistoriske opplysningar om namn og namnebruk.

Den føreslegne lovendringa vil kunne representere ei utfordring i arbeidet til kartprodusentar fordi det i kartsamanheng er kunstig å skilje mellom gardsnamn og bruksnamn. Gardsnamnet blir som regel plassert i tilknytning til busetjing på eitt av hovudbruka, og det er for kartprodusentar lite tenleg med to ulike skrivemåtar av same namnet tett på einannan. Det er samtidig opp til Kartverket og andre kartprodusentar sjølve å vurdere kva dei kartografiske løysingane blir. Ein vil også kunne hevde at dyrebar tid vil gå tapt dersom redningsteneste, ambulansar og politi ikkje skal kunne bruke ein intuitiv skrivemåte når dei søkjer etter stadnamn i ulike nett-applikasjonar. Departementet kan ikkje avvise at lovendringa vil ha slike konsekvensar i enkelttilfelle, men ettersom adressenamn framleis skal fylgje offisiell rettskriving, vil ei slik innvending ikkje vere like relevant.

11.3 Endringsframlegg i stadnamnlova § 8

Departementet føreslår desse endringane:

- Fyrste ledd blir siste ledd med nytt innhald, jf. kulepunkt nedanfor.
- Andre ledd blir fyrste ledd. Bruksnamn blir fjerna frå dette leddet. For bruksnamn gjeld ikkje lenger regelen om at skrivemåten av bruksnamnet må fylgje skrivemåten av namnet i primærfunksjonen (dersom eit slikt namn eksisterer).
- Andre ledd får nytt innhald. Eigaren eller festaren har det avgjerande ordet i saker som gjeld skrivemåte av bruksnamn, dersom han kan dokumentere at ynskt skrivemåte har vore i offentleg bruk.
- I nytt andre ledd siste punktum går det fram at lokalsamfunnet ikkje treng høyrast i saker som gjeld bruksnamn, dersom eigar eller festar har rett til å velje skrivemåte etter andre ledd andre punktum.

- Siste leddet i § 8 tilsvarar delvis det gjeldande fyrste leddet. Endringsframlegget gjer det tydelegare at regelen gjeld *nye* bruk. Det blir presisert at namneval som eigar eller festar gjer, er avgrensa av reglane om namnevern i § 3.

Ny ordlyd i stadnamnlova § 8 blir etter lovframlegget:

Skrivemåten av gardsnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. *Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskje skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan anna høyring.*

Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nytt bruk.

12. KLAGERETT

12.1 Gjeldande rett

Alle vedtak som er gjorde etter lov om stadnamn, kan påklagast. Departementet meiner at den gjeldande ordninga med eigne saksbehandlingsreglar i stadnamnlova, supplert med dei generelle føresegnene i forvaltningslova, fungerer tilfredsstillande og ser ingen grunn til å endre på dette.

Det har oppstått spørsmål om dei som har klagerett etter stadnamnlova, med tilvising til § 3 *Namnevern og namnsetjing*, kan klage på namnsetjingsvedtak gjort etter anna lovgjeving. Lov om stadnamn fastslår klagerett i § 10 med tilvising til § 5 fyrste ledd bokstav a) til c), *og kven som der har rett til å reise namnesaker*. Sidan val av namn ikkje er vedtak etter stadnamnlova, gjeld ikkje saksbehandlingsreglane i lova for desse vedtaka. Når eit namneval blir gjort etter anna lovgjeving, er handlingsrommet likevel avgrensa av § 3 *Namnevern og namnsetjing*. Dersom eit namneval eller ei avgjerd om å ikkje vidareføre eit namn som er i bruk, kan seiast å vere i strid med § 3 i stadnamnlova om vern av namn, gjeld klagerreglane i stadnamnlova. Tilsvarande gjeld for namneval som fylkeskommunen og statsorgana gjer. Dette kjem også fram av formuleringa i § 1 tredje ledd om verkeområdet for lova: "Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal *fastsetje stadnamn* [vår kursivering] eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta".

Val av namn på nye bruk som eigaren eller festaren gjer, vil òg vere avgrensa av stadnamnlova § 3, t.d. på den måten at ein grunneigar i Vestfold ikkje kan kalle eit nytt

bruk for *Stiklestad* jf. § 3 første ledd bokstav b), ettersom dette namnet er eit særeige namn med historisk signalverdi i Trøndelag.

Både stadnamntenesta og Kartverket kan gje råd om namnsetjing og god namneskikk. Språkrådet har gjeve ut ein brosjyre som er meint som rettleingsmateriell til kommunane i adresseringsarbeidet.

12.2 Departementet si vurdering

Endringane som er føreslegne i stadnamnlova § 3 går blant anna ut på å gå opp grensene og sambanda mellom namnsetjingsvedtak etter anna lovgjeving på den eine sida og vedtak om skrivemåte etter stadnamnlova på den andre. Som ein konsekvens av denne klargjeringa meiner departementet det også er behov for å presisere retten til å klage etter stadnamnlova dersom eit namnsetjingsvedtak etter anna lovgjeving kan seiast å vere i strid med stadnamnlova § 3. Ei slik presisering meiner vi også vil verke som ei bevisstgjerung av t.d. kommunane som mogelegvis allereie i reguleringsplanar tek i bruk namn som det seinare kan hevdist er i strid med stadnamnlova § 3 om namnevern.

Det blir ikkje ført tilsyn med namnevala som stat, kommune og fylkeskommune gjer. Vi har derfor ikkje tal på kor utbreidd namneval som strir med stadnamnlova § 3 er, men frå rettleingsarbeidet til Kartverket og stadnamntenesta veit vi at problemstillingane stadig dukkar opp. Sidan namneval ikkje er vedtak etter stadnamnlova, og dermed ikkje del av saksbehandlninga etter denne lova, vil brot på § 3 elles oppdagast relativt tilfeldig eller i høyringsrundane som gjeld skrivemåte av stadnamn. Departementet kjenner til saker der t.d. kommunar med eit pennestrok fjernar godt innarbeidde, verdifulle stadnamn i nytt planverk, fordi det t.d. verkar praktisk med få namn eller fordi dei kommunetilsette ikkje kjenner namna på staden godt nok. Andre døme er at utbyggjarar får velje namna. Inntrykket er likevel at mange kommunar, fylkeskommunar og statsorgan gjer dei fleste namnevala med omtanke for namnevern.

12.3 Endringsframlegg i stadnamnlova § 10

Departementet føreslår fylgjande endring:

- Første ledd i § 10 får eit nytt punktum som klargjer klagerett dersom namnevalet strir mot § 3.
- I andre ledd blir namnet Norsk språkråd endra til Språkrådet.

Ordlyden i nytt andre punktum i første ledd i § 10 blir etter lovframlegget:

Klage på vedtak om namnsetjing etter anna lovgjeving, som er i strid med § 3 i denne lova, skal behandlast tilsvarende.

13. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSNAR

Forslaga som gjeld klargjering av språk, ansvar og myndigheit, dvs. endringane i *formålsparagrafen, definisjonar, namnevern og klagerett*, vil vonleg føre til at sakene kan gå raskare og smidigare gjennom systemet.

Det er ikkje lagt opp til endringar i vedtaksmyndigheit, dvs. kva for organ som vedtek skrivemåten av dei ulike typane stadnamn. Kommunane og andre offentlege organ vil ha same oppgåver og ansvarsområde som tidlegare.

Det største framlegget til endring er at namn på gardsbruk eller eigedom under eit gardsnummer skal få den skrivemåten grunneigaren ynskjer, så lenge han kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentlig bruk.

I samband med dette vil kommunane få ei tilleggsoppgåve med å sende den språkfaglege tilrådinga for bruksnamn direkte til eigar eller festar. På den andre sida slepp kommunane oppgåva med å sende desse sakene om bruksnamn på lokal høyring, under føresetnad av at grunneigaren kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentlig bruk. Desse sakene treng kommunen heller ikkje kunngjere ”i to aviser som er allminneleg lesne på staden, eller på annan høveleg måte” (jf. stadnamnlova § 6 tredje ledd.) Det er grunn til å tru at dette totalt sett vil gjere at det blir mindre arbeid for kommunane i kvar enkelt sak om bruksnamn.

Det er vanskeleg å seie kor mange saker om skrivemåten av bruksnamn som vil bli reiste som resultat av lovendringa. Blir det mange nye saker, vil det føre til meirarbeid i heile saksbehandlingsapparatet, også kommunane. Etter fyrste ledd i matrikkelforskrifta § 54 kan ein krevje adressetilleggsnamn etter fylgjande regel: ”Når adressen gjelder et gårdsbruk, kan den som har hjemmel til eiendommen som eier, kreve at den offisielle adressen også skal omfatte gårdens bruksnavn, dersom navnet faller språklig og geografisk sammen med et nedarvet stedsnavn, jf. lov om stadnamn.” Det er mogeleg ei lovendring kan føre til endringar i skrivemåten av bruksnamn som er i bruk som adressetilleggsnamn, og dermed også i den offisielle adressa.

Kartverket vil også få eit meirarbeid avhengig av kor mange nye saker som blir tekne opp og kor mange saker som blir gjenopna etter lova § 7 *Gjenopning*. Men departementet har lagt vekt på at grunneigaren skal kunne dokumentere at skrivemåten av bruksnamnet har vore i offentlig bruk. Klare og avgrensa krav til kva som kan godtakast som dokumentasjon, vil gjere at kvar einskild sak ikkje blir særleg ressurskrevjande.

Alle namn som har fått skrivemåten vedteken etter lov om stadnamn, skal registrerast i Sentralt stadnamnregister (SSR), som blir drifta av Kartverket. Førebels registrerer Kartverket alle vedtak, men i utviklingsarbeidet av SSR blir det no lagt opp til at kommunane sjølv skal registrere egne vedtak. Lovendringa fører ikkje til endringar i systemet eller i modellen for SSR.

Etter departementet sitt syn vil ikkje forslaget innebere nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar for staten eller kommunane.

14. UTKAST TIL ENDRA LOV OM STADNAMN

§ 1. Formål og verkeområde

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og *som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn.

Lova gjeld ikkje for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.

§ 2. Definisjonar

I denne lova tyder:

- a) *stadnamn*: namn på terrengformasjonar (t.d. fjell og vatn), kulturformasjonar (t.d. gardar, vegar og bruer), administrative område (t.d. kommunar og sokn) og institusjonar (t.d. bygningar)
- b) *gardsnamn*: namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til
- c) *bruksnamn*: namn på *gardsbruk* eller eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer
- d) *nedervd stadnamn*: stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar
- e) *nedervd lokal uttale*: den uttalen som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk
- f) *rettskrivingsprinsipp*: allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift
- g) *primærfunksjon*: den lokaliteten eit namn opphavleg blei brukt om

§ 3. Namnevern

Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom

- a) *det ikkje er i bruk som verna etternamn, eller*
- b) *det ikkje er eit særeige namn, eller*
- c) *det ikkje av andre grunnar bør vernast*

Eit nedervd stadnamn som er i bruk i éin funksjon, kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon på staden i same funksjonen. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

§ 4. Reglar om skrivemåten

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i *kvensk*. Finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- b) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene

§ 5. Fastsetjing av skrivemåten

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) offentlig organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd,
- b) eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 *første ledd*,
- c) lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn,
- d) stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.

Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av *gardsnamn*, *bruksnamn*, *seternamn*, *naturnamn* (*terrengformasjonar*), *namn på statlege anlegg o.l.* dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor same administrative område.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

§ 6. Nærmare om saksbehandlinga

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, *og har det avgjerande ordet i desse sakene*. Eigar eller festar har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten. *Tilrådingar som gjeld bruksnamn, skal kommunen sende til eigar eller festar.*

Saker som gjeld gards- og bruksnamn, skal eigar eller festar få tilsendt direkte. Saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal dessutan sendast til lokale organisasjonar med særleg tilknytning til saka. I tillegg skal saka kunngjerast i minst to aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte. Saker som gjeld andre namn, skal kunngjerast på same måten.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

§ 7. Gjenopning

Ei sak kan bli gjenopna av dei som er nemnde i § 5 bokstav a til d, dersom det kjem til nye opplysningar. Nytt vedtak skal gjerast etter reglane i denne lova.

§ 8. Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Skrivemåten av *gardsnamn* som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. *Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskje skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan anna høyring.*

Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nytt bruk.

§ 9. Bruk av stadnamn

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.

Samiske og kvenske stadnamn som blir nytta blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal til vanleg brukast av det offentlege t.d. på kart, skilt, i register saman med eventuelt norsk namn.

Offentlege organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd, skal halde fram med å bruke dei skriftformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak.

§ 10. Klage

Vedtak etter denne lova kan påklagast av dei som etter § 5 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. *Klage på vedtak om namnsetjing etter anna lovgjeving, som er i strid med § 3 i denne lova, skal behandlast tilsvarande.* Offentleg organ har berre klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Klage skal grunngivast. Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast. Feilbruk

eller manglande bruk av stadnamn etter § 9 kan påklagast til overordna departement. Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi *Språkrådet*, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 6 tilsvarende. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel VI.

§ 11. *Stadnamnkonsulentar*

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og kvenske stadnamn. Sametinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn.

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.

§ 12. *Stadnamnregister*

Det skal førast eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

§ 13. *Forskrift og unntak*

Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av lova.

Når særlege grunner talar for det, kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i lova og forskrifta.

§ 14. *Iverksetjing*

Denne lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

15. GJELDANDE LOV OM STADNAMN

§ 1. *Formål og verkeområde*

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn.

Lova gjeld ikkje for Svalbard, Jan Mayen og dei norske bilanda, den norske kontinentalsokkelen og Noregs økonomiske sone.

§ 2. *Definisjonar*

I denne lova tyder:

- a) stadnamn, namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast
- b) gardsnamn, namnet på heile det gardsområdet som eitt eller fleire gardsnummer er knytte til
- c) bruksnamn, namn på eigedom med eitt eller fleire bruksnummer eller festenummer under eit gardsnummer
- d) nedervd stadnamn, stadnamn som munnleg eller skriftleg er overlevert frå tidlegare generasjonar
- e) lokal talemålsform, den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som har tradisjonell tilknytning til staden, gjennom busetjing eller årviss næringsverksemd
- f) rettskrivingsprinsipp, allmenne reglar for korleis lydar og lydkombinasjonar skal givast att i skrift.

§ 3. *Namnevern og namnsetjing*

Eit stadnamn kan som hovudregel ikkje takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime, når det

- a) er i bruk som etternamn og er verna, eller
- b) på annan måte er eit særeige namn, eller
- c) av andre grunnar bør vernast.

Eit nedervd stadnamn kan ikkje bytast ut med eit namn utan tradisjon på staden dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

§ 4. *Reglar om skrivemåten*

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk. Finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- b) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene.

§ 5. *Fastsetjing av skrivemåten*

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) offentlig organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd,
- b) eigar eller festar når bruksnamnet kjem inn under § 8 andre ledd,
- c) lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn,
- d) stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område.

Kommunen gjer vedtak om skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Fylkeskommunen gjer vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten av andre stadnamn dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor same administrative område.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

§ 6. *Nærmare om saksbehandlinga*

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn. Eigar eller festar har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Synspunkta til eigaren skal tilleggast særskild vekt. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåten.

Saker som gjeld gards- og bruksnamn, skal eigar eller festar få tilsendt direkte. Saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal dessutan sendast til lokale organisasjonar med særleg tilknytning til saka. I tillegg skal saka kunngjerast i minst to aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte. Saker som gjeld andre namn, skal kunngjerast på same måten.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

§ 7. Gjenopning

Ei sak kan bli gjenopna av dei som er nemnde i § 5 bokstav a til d, dersom det kjem til nye opplysningar. Nytt vedtak skal gjerast etter reglane i denne lova.

§ 8. Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Eigar eller festar har likevel ikkje rett til å endre eller byte ut bruksnamn som kjem inn under andre ledd, dersom ikkje særlege grunnar talar for det.

Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet.

For andre bruksnamn fastset eigar eller festar skrivemåten.

§ 9. Bruk av stadnamn

Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.

Samiske og kvenske stadnamn som blir nytta blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal til vanleg brukast av det offentlege t.d. på kart, skilt, i register saman med eventuelt norsk namn.

Offentlege organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd, skal halde fram med å bruke dei skriftformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk, til det eventuelt blir gjort endringsvedtak.

§ 10. Klage

Vedtak etter denne lova kan påklagast av dei som etter § 5 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Offentleg organ har berre klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Klage skal grunngivast. Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast. Feilbruk eller manglande bruk av stadnamn etter § 9 kan påklagast til overordna departement. Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Norsk språkråd, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 6 tilsvarende. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel VI.

§ 11. *Stadnamnkonsulentar*

Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og kvenske stadnamn. Sametinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn. Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn.

§ 12. *Stadnamnregister*

Det skal førast eit sentralt stadnamnregister.

Alle skriftformer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.

Opplysningane i registeret er offentlege.

§ 13. *Forskrift og unntak*

Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av lova.

Når særlege grunner talar for det, kan departementet i enkelttilfelle gjere unntak frå reglane i lova og forskrifta.

§ 14. *Iverksetjing*

Denne lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Frå same tid blir det gjort følgjande endring i lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven): - - -